Vedtekter for Åseral Frivilligsentral

§ 1 Formål

- Åseral Frivilligsentral skal vera ein open møteplass for alle.
- Sentralen skal vera kontaktpunkt og kraftsenter for menneske, frivillige lag og organisasjonar og det offentlege.
- Sentralen skal vere møteplass for, og koordinera deltaking til, dei som ynskjer å yta hjelp og dei som treng hjelp.
- Sentralen skal vera eit positivt supplement til allereie etablerte aktivitetar.
- Sentralen skal utviklast av dei menneskja som er knytt til sentralen.

§ 2 Målgrupper

- Frivillige
  Enkeltpersonar og organisasjonar som ynskjer å gjera ein frivillig og ubetalt innsats for å hjelpa enkeltpersonar og grupper i lokalmiljøet.

§ 3 Organisering

- Åseral Frivilligsentral vert organisert som ei foreining.

§ 4 Medlemar

- Medlemane er frivillige lag og organisasjonar.

§ 5 Røysterett og valbar

- Alle medlemane har røysterett og er valbare til verv i laget

§ 6 Finansiering

- Årleg tilskot frå Åseral kommune
- Kontingent/tilskot får medlemane

§ 7 Kontingent

Kontingenten vert fastsett på årsmøtet. Medlemar som skuldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje røysterett eller andre rettar, og kan strykast som medlem av laget av styret. Dersom eit medlem vert stroken kan det ikkje takast opp att før skuldig kontingent er betalt.

§ 8 Godtgjersle/løn

Det vert ikkje gjeve godtgjersle for tillitsverv.
Dagleg leiar vert løna for arbeidet.

§ 9 Årsmøte

A: Gardsvegen 6
4540 ÅSERAL
T: +47 945 14 965
Epost: post@aseral.frivilligsentral.no
Web: www.aseral.frivilligsentral.no
Org.Nr.: 914 405 564

Organisering:

- Årsmøtet er høgste myndigheit for sentralen og skal haldast kvart år innan 30.april.
- Årsmøtet vert innkalla av styret med minst ein månads varsel.
- Forslag som skal handsamast på årsmøtet må vera sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet.
- Fullstendig saksliste må vera tilgjengeleg for medlemane seinast ei veke før årsmøtet.
- Alle medlemane har møte-, forslags- og røysterett. Medlemane kan møta med fleire representantar, men kvar medlem har berre ei røyst.
- Åseral kommune har møte-, tale- og forslagsrett.

Saksliste for årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Registrering av medlemane
3. Val av møteleiar og protokollskrivar
4. Val av 2 til å skriva under protokollen
5. Handsama årsmelding
6. Handsama revidert rekneskap
7. Fastsetja kontingent
8. Vedtaka budsjett
9. Vedtaka verksemdsplan for sentralen
10. Val:
    1) Val av styreleiar for 1 år
    2) Val av styremedlema for 2 år på eigarsida
    3) Val av styremedlem for 1 år frå deltakarane ved sentralen
    4) Val av varamenn for 1 år
       Val av varamenn for styremedlemane frå eigarsida vert vald i rekkefylgje
       Val av varamenn for styremedlem frå deltakarane ved sentralen er personleg
    5) Val av revisor

    Ved val av det første styret ved oppstart av sentralen vert 2 medlemar frå eigarsida valde for 2 år og eit medlem frå eigarsida vald for 1 år, dette for å sikra kontinuitet i styret
11. Innkomne forslag

§ 10 Styret

- Åseral Frivilligsentral vert leia av styret som er høgaste myndigheit mellom årsmøta.
- Styret består av 5 medlemar, leiar og 3 medlemar frå eigarsida og 1 medlem frå deltakarane ved sentralen.
- Leiaren av styret er å betrakte som juridisk person for foreininga og signerar på vegne av foreininga.
- Styret har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar ved sentralen.

A: Gardsvegen 6
4540 ÅSERAL
T: +47 945 14 965
Epost: post@aseral.frivilligsentral.no
Web: www.aseral.frivilligsentral.no
Org.Nr.: 914 405 564

- Styret utøve verksemd på vegne av frivilligsentralen.
- Styret har ansvar for at verksemdsplan vert lagt fram for årsmøtet.
- Åseral kommune kan møta som observatør i styret med tale og forslagsrett.

§ 11 Daglig leiar

- Ansvar for at sentralen vert driven etter gjeldane vedtekter.
- Sekretær for styret.
- Arbeider i samsvar med gjeldane stillingsinstruks.
- Økonomiansvar.
- Utarbeida verksemdsplan for frivilligsentralen.

§ 12 Endring av vedtektene

Vedtektene kan endrast av årsmøtet med 2/3 fleirtal.

§ 13 Oppløysing

Oppløysing av Åseral Frivilligsentral kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Dersom oppløysing vert vedteke med minst 2/3 fleirtal, vert det kalla inn til ekstraordinært årsmøte som også må ha vedtak med 2/3 fleirtal.

Det må vera minst 3 månader mellom dei to årsmøta.

Dersom frivilligsentralen vert lagt ned skal årsmøtet avgjera korleis eventuelle økonomiske midlar skal disponerast innanfor formålet med sentralen.

Vedteke i oppstartårsmøte 13.oktober 2014.
Justert i årsmøte 21.mars 2018.

A: Gardsvegen 6
4540 ÅSERAL
T: +47 945 14 965
Epost: post@aseral.frivilligsentral.no
Web: www.aseral.frivilligsentral.no
Org.Nr.: 914 405 564